Sorggruppe er eit tilbod til barn i 1.–10. trinn som har mista søsken eller ein forelder. Sorg er ein langvarig prosess, men mange opplever det nyttig å treffe andre barn i same situasjon. Dei kjenner seg mindre aleine og dei forstår lettare sine eigne reaksjonar og opplevingar.

**KVIFOR DELTA I SORGGRUPPE?**

- hjelpe barnet til å forstå sorg
- normalisere tankar, kjensler og handlingar
- støtte barnet til å finne styrke i seg sjølv og relasjonane sine
- øve på å fortelje si eiga tapshistorie
- hjelp til å bearbeide minne

**PRAKTISK INFORMASJON**

Gruppene er for barn frå kommunane

- Sande
- Herøy
- Hareid
- Ulstein
- Ørsta
- Volda
- Vanylven

Vi set saman gruppe etter kvart som vi får inn påmeldingar. Nokon må kanskje vente ein stund på gruppe, til det fleire i same aldersgruppe som melder seg på.

Vi samlast fem gongar i om lag 1,5 time. Tilbodet er gratis og livssyns-nøytralt. Gruppa vert leia av to helsesjukepleiarar som har teieplikt.

**Tid:** Vår og haust



**PÅMELDING**

**Helsesjukepleiar** Mari Haugen Lunde, Ulstein kommune
**E-post:** mari.haugen.lunde@ulstein.kommune.no
**Telefon:** 48 22 73 42

Har du spørsmål eller ønsker meir informasjon? Ta kontakt med Mari Haugen Lunde eller helsestasjonen i kommunen din.



Illustrasjonar: pixabay.com

# INVITASJON TIL SORGGRUPPE FOR BARN

## Har du eit barn som har mista ein forelder eller søsken?

